

Tips til kommunikasjon med hørselshemma



Det er viktig å redusere bakgrunnsstøy. Skru av tv og radio. Lukk vindauge og trekk dykk unna andre menneske som snakkar.

Hugs at eit høyreapparat forsterkar alle lydar – også dei uønskte. Høyreapparatet fungerer best i eit stille rom og når den som bruker det, er i samtale med éin – to personar.



Sjå til at du har nok lys på deg, fordi det er viktig å ha godt lys for å kunne lese av munnen.

Plasser deg slik at lyset fell på ansiktet ditt. Unngå å ha lyset i ryggen, for motlys hindrar munnavlesinga, og all mimikk og alt kroppsspråk blir uråd å sjå når vi blir blenda.



Ha augekontakt når du snakkar. Då ser den andre når du begynner å snakke, og lyden når uhindra fram til øyra. Når du startar ein samtale, kan du seie namnet til den du vil prate med, for å få merksemda.

Mange hørselshemma støttar seg til munnavlesing når dei kommuniserer med andre. Det betyr at dei prøver å oppfatte tale ved å sjå på munnen til den som snakkar, i tillegg til å tolke ansiktsuttrykk og kroppsspråk. Ikkje snakk med ryggen til den du snakkar med, for eksempel frå eit anna rom. Høyreapparata fungerer best innanfor éin–to meter.



Snakk tydeleg og naturleg. Snakk med normal styrke. Ikkje rop inn i øyret og slett ikkje mot høyreapparatet. Rop skaper forvrenging av lydar i høyreapparatet. Dermed blir budskapet berre vanskelegare å tolke. Mikrofonane i høyreapparatet har avgrensingar.

Sjekk ut samtalen undervegs. Still oppklarande spørsmål og summer opp ofte for å forsikre deg om at de forstår kvarandre.



Tydeleg temaskifte: Det er lettare for ein person med nedsett hørsel å følge samtalen når han eller ho kjenner temaet for samtalen. Ikkje alle lydane i språket er like lette å få med seg når ein høyrer dårleg. Dette gjer at hørselshemma nokre gonger oppfattar brotstykke av det som blir sagt, og gjettar seg fram til resten. Dette fører lett til misforståingar. Derfor er det viktig å vere tydeleg når ein skiftar tema i samtalen.

Når ein person med nedsett hørsel kjem inn midt i ein samtale, er det viktig å fortelje kort kva det blir prata om.